



Per Atle Sæle
Sagstadvegen 165
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/155 - 16/18112

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
20.09.2016

Ferdiggodkjenning av velteplass og snuhammar Gbnr. 18/9 og 10 på Øvre Sagstad

Per Atle Sæle fekk i administrativt vedtak saknr. 82/2016 løyve til å byggje ein velteplass og snuhammar, for å kunne laste og snu vogntog på 22 meter. I vedtaket vert det stilt som vilkår om at kommunen skal ha melding når tiltaket er ferdig og at kommunen skal godkjenne arbeidet.

Meland kommune v/ skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen var på synfaring med Per Atle Sæle 14.09.2016. På synfaringa vart snuhammar oppmålt og kontrollert i samsvar med dei krava som er stilt i «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse» fastsett av Landbruks- og matdepartementet.

Snuhammaren oppfyller dei krava fastsett i normalen for landbruksveger til lengde, bredde og kurvatur. Det manglar noko lengde i ein retning av snuhammaren. Denne delen av snuhammaren går inn i bestandet og er i dag dekkja med gran. For å unngå fare for vindskader på bestand og for å unngå levering av små kvantum, er det avtalt med skogsentreprenør som skal avvirke bestandet, at de siste meterane som står att vert bygd i samband med skogsdrift.

Meland kommune ferdiggodkjenner velteplass og snuhammar på gbnr. 18/9 og 10.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Per Atle Sæle

Sagstadvegen 165 5918

FREKHAUG